

Årsrapport frå Barneombodet 2017



Innhald

I.	Utsegn frå leiaren	4
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
	Organisasjonskart	5
	Utvalde volumtal	6
	Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	6
	Telefonførespurnader	6
	«Spør Barneombodet»	6
	Medieoppslag og sosiale media	7
	Mållovarbeidet hos Barneombodet	8
	Barneombudet.no	8
	Sosiale medium	8
	Barneombudsbloggen	9
	Uromeldingar til barnevernet	9
	Bruk av innsynsretten.....	9
	Krav om tilsyn	9
	Høyringsvar frå Barneombodet	10
	Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar	10
	Fråsegner til offentlege myndigheiter.....	10
	Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt.....	11
	Innspeil til offentlege utval.....	11
	Notat til Stortinget	12
III.	Rapportering på mål for verksemda 2017.....	12
	6. Barn i risiko for - eller som er utsette for - vald og overgrep, møter eit system som.....	15
	Anna fagarbeid	16
	Mål for organisasjonsutvikling	18
	Samla vurdering av resultat.....	18
	Nærmare omtale av bruk av verkemidlar	19
IV.	Styring og kontroll av verksemda	19
	Den overordna vurderinga av styring og kontroll i verksemda.....	19
	Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda.....	20
	Kompetansetiltak hos Barneombodet	20
	Arkivet til Barneombodet	20
	Økonomistyring hos Barneombodet	20

Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på	21
Fellesføringar frå regjeringa	21
Samfunnssikkerheit og beredskap	21
Informasjonssikkerheit	22
Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen	22
Risikovurderingar.....	23
Personalforvaltning	23
Aktivitets- og greigjeringsplikter	23
Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar.....	24
Miljøkrav i innkjøp.....	24
Rutinar for varsling.....	24
V. Vurdering av framtidsutsikter	24
VI. Årsrekneskap	25
Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2017.....	25
Føremål.....	25
Stadfesting.....	25
Vurdering av vesentlege forhold	25
Tilleggsopplysningar	26
Prinsippnote til årsrekneskapen 2017.....	26
Bevillingsrapporteringa	27
Artskontorapporteringa	27

I. Utsegn frå leiaren

I 2017 gjennomførte Barneombodet sitt fjerde fagprosjekt, «Voldsfri barndom - god helse». To rapportar frå dette prosjektet kjem 6.3.2018. Den eine rapporten handlar om tenestetilbodet til barn utsette for vald eller overgrep. Den andre rapporten handlar om seksuelle krenkingar av ungdom. I begge rapportane kjem vi med anbefalingar om forbetringar for å førebyggje og handtere vald og seksuelle overgrep. Rapportane viser at vi ikkje er i mål for å sikre barn ein valdsfri barndom.

Gjennom året har det også vore viktig å følgje opp anbefalingar frå fagprosjektet vårt i 2016, «Utan mål og mening?». Denne fagrapporten vart tatt godt imot, og det er mange som er einige med oss i at spesialundervisninga ikkje fungerer slik den burde.

Andre viktige fagområde i 2017 har vore helse, psykososialt skulemiljø, barnelov og barn med mødrer i LAR (legemiddelassistert rehabilitering). Totalt har vi nådd mange av dei faglege måla vi sette oss for året, og vi har arbeidd med ei rekkje viktige saker for barn og unge. Som eit resultat av vår påverknad har blant anna Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet lova felles institusjonar til barn som treng hjelp frå både barnevern og psykisk helsevern. Opplæringslova, som skal sikre rettstryggleiken til barn som vert krenka på skulen, har blitt endra, og Barneombodet har vore ein viktig bidragsytar i arbeidet mot betre vern for desse barna.

Resultatet for året vart om lag som forventa, men med eit noko større mindreforbruk enn venta. Den samla ressursbruken var i 2017 innanfor godkjend bevilling. Barneombodet hadde eit mindreforbruk i 2017 på kr. 474 836,-. For nærmare detaljar om dette viser vi til del VI.

Barneombodet har fått ekstra midlar frå Kunnskapsdepartementet for å styrke arbeidet vårt med psykososialt skule- og barnehagemiljø. Vi har derfor tilsett fleire medarbeidarar, og endra arbeidsmetodar for å nå endå fleire barn og foreldre.

Dette er min siste årsrapport som barneombod. I juni sender eg stafettpinnen vidare til eit nytt barneombod. Eg er glad for å kunne overlata til min arvtakar eit kontor med flinke tilsette, god styring av økonomien og gode rutinar på plass for å kunne ta fatt på den viktige oppgåva som venter.

Oslo, 1. mars 2018




Anne Lindboe
barneombod

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Det går fram av lov om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne- og likestillingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

Organisasjonskart



Utvalde volumtal

Førespurnader og utsegner på brev og e-post

Barneombodet fekk i 2017 inn 3 383 førespurnader på brev og e-post, mens vi sende ut 2 595 brev og e-postar. I alt har vi tatt imot og ekspedert 5 978 brev og e-postar. Vi har i 2017 samla arbeidet med å svare på brev inn frå privatpersonar på færre medarbeidarar, for å redusere slitasjen på kontoret som eit heile.

Dokument	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Inngående dokument	3560	4077	3374	2796	3262	3496	3383
Utgående dokument	2142	2413	2132	1757	1846	2189	2595
Total mengde dokument	5702	6490	5506	4553	5108	5685	5978

Telefonførespurnader

I 2017 vart det registrert 993 telefonar inn til sentralbordet vårt. Nokre av telefonane førte til skriftleg oppfølging frå rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har framleis ein telefonbeskjed på sentralbordet som oppmodar vaksne privatpersonar om å skrive e-post eller brev til Barneombodet, i staden for å ringe.

«Spør Barneombodet»

«Spør Barneombodet» har blitt ei viktig teneste hos oss, og er høgt prioritert. Vi har ei turnusordning, slik at alle fagrådgjevarane og kommunikasjonsavdelinga svarer på omgang. I 2017 fekk vi 1564 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss, helst same dag eller dagen etter. I år fekk vi også eitt spørsmål på samisk på Spør Barneombodet, og den som skrev inn fekk svar på samisk tilbake dagen etter.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Stikkord	2014	2015	2016	2017
Familie	193	111	223	220
Rettigheiter	147	115	166	165
Foreldre som ikkje bur saman	73	72	86	55
Kven bestemmer?	57	76	136	112
Skule	292	287	414	394
Mobbing	96	104	105	106
Flytte heimefrå	49	26	25	35
Økonomi og pengar	49	67	61	45
Venner/kjærestar	50	60	64	87
Psykisk og fysisk helse	65	123	181	185
Privatliv	61	21	34	33
Samvær	49	18	13	11

Vald	62	41	72	52
Mobil, internett og sosiale media	73	172	273	212
Bli høyr	56	56	40	60
Barnevern	73	121	94	152
Følelsar	35	44	115	87
Aldersgrenser (ny 2016)			198	199
Asyl (ny 2016)			8	3
Barneombodet (ny 2016)			1	11
Diskriminering (ny 2016)			5	5
Fritid (ny 2016)			11	28
Fosterheim (ny 2016)			17	32
Religion (ny 2017)				3
Rus (ny 2017)				11
Tieplikt (ny 2017)				12
	1480	1514	2325*	2315*
			1711	1564

* I 2016 opna vi for at eit spørsmål kan merkast med fleire kategoriar, noko som gjer at tala framover ikkje er samanliknbare med åra før 2016.

Medieoppslag og sosiale media

I 2017 vart Barneombodet omtalt i totalt 1301 mediesaker, 1301 på bokmål og 90 på nynorsk. Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking.

Medieoppslag							
Årstal	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på oppslag	1961	2046	2874	2199	1697	1923	1301
Nett			1818	1445	1026	1215	722
Papir			1030	729	641	711	552
Tv/radio*			26	25	30	57	27

*Søkemotoren er framleis for smal til å få tak i alle tv/radiooppslag i distriktssendingar, så talet er for lågt.

Medieoppslag fordelt på nokre utvalde søkeord:

Tema	2015	2016	2017
Barneombodet mobbing	502	497	348
Barneombodet vald	299	227	198
Barneombodet skulehelsetenesta	95	49	25
Barneombodet og asylsøkjjarar	145	234	161
Barneombodet skule	386	497	427
Barneombodet delt bustad	101	71	30
Barneombodet spesialundervisning			134

Barneombodet Grefsenerklæringen			14
Barneombodet FNrapport			73

Mållovarbeidet hos Barneombodet

I 2017 har Barneombodet nådd kravet som gjeld tekstar som kjem inn under mållova § 8 første ledd første og andre punktum og § 8 fjerde ledd i alle dei innrapporterte kategoriane.

Kategori	Nynorskprosent
Samla på Barneombodets to nettsider	28,8 %
Tekstar på 1-10 sider	30,4 %
Tekstar på over 10 sider	26,2 %
Periodiske publikasjonar	30,8 %
Sosiale medium	26,4 %

Vi kan også nemne at ein av våre tilsette i byrjinga av 2017 vart oppnemnt som medlem av Språkrådets faglege råd for skole og offentleg forvaltning, noko som i stor grad skuldast Barneombodet sitt målbevisste arbeid med klarspråk og å oppfylle mållova.

Barneombudet.no

Vi når ut til stadig fleire med nettsida vår. I 2017 har vi auka sidevisingane med heile 21,61 %, og har for første gong hatt meir enn 1 million sidevisingar. Sida «Dine rettigheter», med sine undersider, er den mest besøkte. Dei fire største undersidene står for rundt 12 % av trafikken på heile nettsida.

Med ein auke på 52 % har vi størst vekst i trafikk frå sosiale kanalar. Framleis kjem rundt 75 % av trafikken vår direkte frå søk i Google. Google påskjønner oss for fagleg godt innhald, ved at brukarane våre i stor grad finn det dei leiter etter, og vi kjem vi høgare opp på søkeresultata.

Vi kan diverre ikkje seie med sikkerheit kor mange av sidevisingane som blir gjort av barn og unge, men til saman 47 % av brukarane våre er ukjende for Google, og fleirtalet av dei er mest sannsynleg under 18 år.

Mest trafikk nådde vi under lanseringa av rapporten «Uten mål og meining?» Under slike lanseringar klarer vi å fordoble trafikken til nettsida.

Sosiale medium

Barneombodet er til stades på tre sosiale medium. Sosiale medium er viktige kanalar for å nå alle målgruppene våre, og vi jobbar heile tida med metodar for å nå ut til fleire. I 2017 har vi gjort ein stor innsats på Facebook, og har auka talet fylgjarar med nesten 10 000. Det er ein auke på om lag 90 prosent. Den totale rekkevidda på innlegga våre enda på over 5 000 000 i 2017 – utan å bruke noko særleg med midlar på sponing av innlegg.

Dette har gjort Facebook til den klart største og viktigaste kanalen vår. Mykje av auken kjem som følgje av ei mykje større satsing på innhald, spesielt videoinnhald. Men vi har også spissa språkbruken, og gjort ein jobb med det visuelle. På Facebook når vi i stor grad foreldre, mens vi på Twitter når journalistar og avgjerdstakarar. Vi er også til stades på Instagram, men i mykje mindre grad enn på dei andre media. Diverre klarer vi ikkje å nå barna i nokon stor grad på sosiale medium, noko som er ei utfordring vi jobbar vidare med.

På Twitter hadde vi ved inngangen av januar 2017 16 297 følgjarar. På Instagram hadde vi 1922 følgjarar, mens vi på Facebook, per 31.12.17, hadde 23 711 følgjarar.

Barneombudsbloggen

Barneombodet har også ein blogg som vi brukar for å tilføre fagleg djupn til utspela våre. Til saman oppnådde vi 12 393 visingar på 12 innlegg i 2017. Til samanlikning hadde vi 8 820 visingar på 20 innlegg i 2016. Altså evnar vi å nå ut til fleire med kvart innlegg. 45 % av trafikken til bloggen kjem frå Facebook.

Uromeldingar til barnevernet

Barneombodet sende fire uromeldingar til barnevernet i 2017. Som offentleg meldar får vi tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

Uromeldingar til barnevernet						
Årstal	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på uromeldingar	11	7	5	4	7	4

Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i ei sak i 2017. Krav om innsyn blir vurdert etter rutineane til Barneombodet. Årsaka til at vi ikkje bad om innsyn i fleire saker i 2017, var at vi ikkje brukte innsynsretten vår i prosjektet «Valdsfri barndom-god helse», medan vi gjorde det i prosjektet «Barn med funksjonsnedsettelse» i 2016. I 2018 har vi igjen bedt om innsyn i mange saker.

Krav om innsyn						
Årstal	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal på innsynskrav	7	33	6	213	71	1

Krav om tilsyn

Barneombodet meiner tala kan seie noko om offentleg saksbehandling av saker om barn, og våre vurderingar av denne. I 2017 hadde vi berre eit krav om tilsyn.

Krav om tilsyn				
Årstal	2014	2015	2016	2017
Tal på tilsynskrav	6	3	6	1

Høyringsvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 34 skriftlege høyringsvar i 2017. Her er nokre av dei viktigaste:

- Ny barnevernlov
- Utlendingslova - reglar om tvangsmiddel
- Ny generell del av læreplanverket
- Ny straffeprosesslov
- Ei påtalemyndigheit for framtida
- Svikt og svik
- Ny lov om trdomssamfunn

Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 92 foredrag i 2017. Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barnrettane for ulike faggrupper og avgjerdstakarar. Anne Lindboe har i 2017 prioritert å halde foredrag i samband med rapporten «Uten mål og mening-elever med spesialundervisning i grunnskolen» prosjektet «Voldsfri barndom - god helse».

Fråsegner til offentlege myndigheiter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev til offentlege myndigheiter. I disse breva gir vi uttrykk for synspunkta våre, og uroa vår for korleis barn blir varetatt innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei ein del av rapporteringskategorien «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre.

Brev til offentlege myndigheiter						
2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
14	22	21	15	16	11	21

	Tema	Mottakar
1.	Bruk av sikkerhetscelle og bodycuffs overfor mindreårige	JD
2.	Bosetting, begrensede tillatelser og konsekvenser for barn	JD
3.	Oversettelse av informasjonsmateriell om barnehusene til engelsk	JD
4.	Bedre helsehjelp til barn i barnevernet	Bufdir og helsedir
5.	Bekymring for akuttberedskapen for barn	bufdir
6.	Spørsmål om retningslinjer for ungdomsråd	KMD
7.	Oppfølging av skolehelsetjenesten i Vågan kommune	Vågan kommune

8.	Tilbakemelding på avslutning av tilsynssak – skolehelsetjenestetilbudet i videregående skole, Drammen kommune	Fylkesmannen i Buskerud
9.	Føring av fravær ved besøk hos skulehelsetenesta	KD
10.	Oppmoding om å bruke barnepanel ved utnemning av nytt barneombud	BLD
11.	Innspel til «En god barndom varer livet ut.»	BLD
12.	Kunnskapsministerens svar i spørretimen om PP-tjenesten	KD
13.	Oversendelse av sak om skolehelsetjenesten i Vågan kommune til Helsetilsynet	Helsetilsynet
14.	Det livssynsåpne samfunn- innspill til KKD	KKD
15.	Spørsmål om fysiske krenkelser fra voksne i Elevundersøkelsen	Udir
16.	Bekymring for ivaretagelsen av barn ved Oslo Universitetssykehus	OUS
17.	NOU 2013:1 Det livssynsåpne samfunn	KKD
18.	Oppfølging av Helsetilsynets beslutning om å ikke opprette tilsyn med Vågan kommune	Helsetilsynet
19.	Innspill til tema for landsomfattende tilsyn 2019	Helsetilsynet
20.	Barneombudets besøk på Ungdomsenhet Øst mai 2017	KOD
21.	Oversendelse av rapport fra besøk i sentralarresten i september	Oslo Politidistrikt

Tal på begynte og gjennomførte fagprosjekt

I 2017 arbeidet Barneombodet med følgende prosjekt:

1. «Valdsfri barndom-god helse»
2. Rapportering til FNs komité for barns rettigheter
3. «Barneombuss»
4. Barneombodets internasjonale prosjekt
5. «Utan mål og mening? Barn med spesialundervisning i grunnskolen»
6. Dokumentasjonsprosjektet

Prosjekta blir nærmere skildra under punkt III. I alle prosjekta har vi brukt prosjektstyringsverktøy med risikohandsaming, og hatt tett oppfølging frå leiinga.

Innspel til offentlege utval

I 2017 ga Barneombodet innspel til Barnevoldsutvalet, Østenstadutvalet om bruk av tvang i psykisk helsevern og til Ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging i skulen. Alle desse innspela ligg også på vår nettside.

Notat til Stortinget

Barneombodet publiserer alle notat som blir levert til komiteane på Stortinget i samband med blant anna munnlege høyringar. Vi gav følgjande notat frå oss i 2017:

- Notat til Stortinget om endringar i reglene om pleiepengar
- Notat til Stortinget om Prop. 57 L - forslag til nytt kapittel 9A - psykososialt skolemiljø - opplæringslova
- Barneombodets innspel til Meld.St. 21 (2016-2017): Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen
- Innspel til kommunal- og forvaltningskomiteen om stemmerett for 16-åringar.
- Innspel til Familie- og kulturkomiteen - statsbudsjettet 2018
- Innspel til Justiskomiteen - statsbudsjettet 2018
- Innspel til Kommunal- og forvaltningskomiteen – statsbudsjettet 2018
- Innspel til Helsekomiteen – statsbudsjettet 2018
- Lærelyst - innspel om tidleg innsats og kvalitet i skulen
- Notat til Stortinget med anbefalingar til bedre spesialundervisning

Notata ligg også på nettsidene våre.

III. Rapportering på mål for verksemda 2017

Mål og strategiar for 2017 vart rapportert inn til BLD mai 2016.

1. Barn med funksjonsnedsetjingar får eit verdig liv og eit tilrettelagt tilbod uansett kor dei bur (langsiktig mål 8)

Barneombodet avslutta i 2017 prosjektet om barn med funksjonshemmingar med rapporten «Utan mål og mening?» Barn med rett til spesialundervisning i grunnskolen. I prosjektet snakka vi med 25 elevar frå sju forskjellige fylke om deira spesialundervisning og psykososiale skolemiljø. Vi møtte også ulike organisasjonar som representerer barn med ulike funksjonshemmingar og deira foreldre. I tillegg fekk vi innsyn i 68 klager på spesialundervisning hos Fylkesmennene, fordelt på fire fylke. Vi lanserte rapporten til myndigheitene 6.3.17.

Ut frå materialet vi samla inn, konkluderer vi med at elevar som mottar spesialundervisning ikkje får forsvarleg utbytte av opplæringa, at dei har dårlegare psykososialt skolemiljø og at dei verken blir høyrde eller får medverke i opplæringa si. Me kjem med ei rekkje anbefalingar til myndigheitene. Desse blir no tatt på alvor. Ei ekspertgruppe er blant anna sett ned for å gå gjennom spesialundervisninga på nytt, og det har kome fleire representantforslag på Stortinget bygde på våre anbefalingar.

2. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet (mål 2)

Barneombodet heldt fram i 2017 med prosjektet «Barneombussen», der Anne Lindboe reiser rundt i landet og besøker skular. Ho har med seg eit skuleopplegg der ho informerer om barnekonvensjonen og Barneombodet. Prosjektet vart starta som ein pilot i 2013, og vart avslutta i 2017. Barneombussen besøkte fylka Hedmark, Vestfold, Oppland, Akershus og Buskerud i 2017. På turane møtte vi cirka 600 elevar fordelt på 10 skular. Da hadde ho besøkt alle fylka i landet.

3. Barn har reell innverknad på utforming av politikk og planer på alle nivå i samfunnet (mål 19)

Forsøksprosjektet med samarbeid med to skuleklassar om utveksling av informasjon vart evaluert og vedtatt avslutta i 2017. I 2017 valte vi heller å vidareutvikle metodane våre for å få barn og unge til å delta i arbeidet vårt.

Vi gjennomførte tre intervju av søkarar til stillingar hos oss med ungdomsintervjupanelet vårt. Vi har også forbetra rutinane rundt prosessen. I 2017 såg vi at vi også treng metodar for å snakke med barn aleine, ikkje berre i grupper. I samband med prosjektet «Voldsfri barndom - god helse» har vi sett at det ikkje er så enkelt å samle barn som har vore utsette for vald eller seksuelle overgrep til gruppesamtaler. Vi er derfor i gang med å bli betre på dette sjølv, og vil samstundes revidere metoden vår for deltaking frå barn og unge - «Unge eksperter» - slik at vi får betre informasjon ut til andre om ein samtalar med barn.

I 2017 har vi også arbeidd vidare med høyring om råd for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjingar i kommunar og fylkeskommunar. Vi er framleis ikkje nøgd med at det ikkje blir krav om ungdomsråd i kommunane i lova.

Barneombodet har lenge ynskt seg eit nasjonalt kompetansesenter for barn og unge si deltaking i samfunnet. Dette er nå lagt til Bufdir, ei ordning som Barneombodet ikkje trur vil gi et løft for feltet. Vi vil gå i dialog med Bufdir om arbeidet dei gjer, for å sikre gode metodar og fagleg utvikling av metodar for barn og unge si deltaking i samfunnet.

I 2017 vart også prosessen med rekruttering av bytt barneombod starta. Vi spelte inn til BLD at dei må involvere barn i tilsettingsprosessen. Det er no gjort.

4. Alle barn i Norge får oppfylt sin rett til utdanning i ein trygg og inkluderande skule (mål 10)

Vi har tilsett to nye medarbeidarar i 2017 for å kunne arbeide meir aktivt med skule- og barnehagemiljø, etter at vi har fått ein auke i midlar frå KD.

Barneombodet fekk 381 skriftlege førespurnader om skule og barnehage i brev eller på e-post i 2017, 144 av desse var om mobbing. Vi fekk også 106 spørsmål registrert under kategorien skule/mobbing frå barn og unge via spørjetenesta «Spør Barneombodet». I tillegg til dette kjem telefonsamtaler til kontoret og direkte møter med barn og unge på skular vi har besøkt med «Barneombussen».

Førespurnader om psykosialt skule-og barnehagemiljø		
Årstal	2016	2017
Skriftlege førespurnader totalt om skule	324	381
Førespurnader om mobbing i grunnskulen	111	137
Førespurnader om mobbing i vidaregåande skule	0	5
Førespurnader om barnehagen total	21	23
Førespurnader om mobbing i barnehagen	3	2
Spørsmål på spør BO om skule og mobbing	519 (105 om berre mobbing)	502 (106 om berre mobbing)

Gjennom heile året har Barneombodet arbeidd med mobbing og krenkingar i skule og barnehage på fire måtar:

- a) Vi har gitt **retteiing i enkeltsaker** om psykososialt skulemiljø. Dette arbeidet har vorte utvida i 2017. Vi gir no meir inngåande retteiing til foreldre, inviterer til møter hos oss og bidrar meir enn vi gjorde tidlegare. Vi har også fått ei juridisk utgreiing om korleis vi kan ta sakar opp til handsaming, og har som må å ta fire saker opp til handsaming i 2018.
- b) Vi har arbeidd med **politisk påverknad**. Det gjeld særleg rapporten «Uten mål og mening?» Rapporten har eigne anbefalingar om psykososialt skulemiljø, og det er ein heilt klar samanheng mellom korleis barna trivest på skulen og deira faglege nivå. Vi har brukt mykje tid på oppfølging av anbefalingane i rapporten i 2017. Vi har også deltatt i ei høyring på Stortinget på Prp 57 L lovendingar frå departementet på NOU 2015:2 Å høre til, og vi har arbeidd politisk for å få ein heimel om psykososialt barnehagemiljø inn i barnehagelova.
- c) Vi har **overvaka systemet** som skal vareta barn sin rett til eit godt psykososialt skulemiljø. Etter lovendinga 1.8.2017 i opplæringslova kapittel 9a har fylkesmennene fått ei heilt ny rolle. Vi har derfor kravd innsyn i alle fylka sine saker om kapittel 9a etter lovendinga. Vi førebudde kravet om innsyn i 2017, og sende det 2.1 18. Vi er nå i gang med å gå gjennom alle sakene.
- d) Vi har halde 38 foredrag for ei rekke fylkesmenn og andre om korleis ein skal forstå endringane i opplæringslova, og kva for ansvar dei ulike aktørane har for å implementere barnekonvensjonen i sakshandsaminga si.

Vi er nøgde med arbeidet vårt i 2017. Vi meiner at vi er eit langt skritt nærare å få til ein heimel i barnehagelova om godt barnehagemiljø, vi har fått Udir til å ombestemme seg og ta inn igjen spørsmål om fysiske krenkingar frå vaksne i elevundersøkinga. Vi har også fått Stortinget med på at oppreisningsordningar for elevar som har vore utsette for mobbing, må komme inn i opplæringslova. Stortinget vedtok også at regjeringa må sikre at alle elevar med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersonar med relevant utdanning. Utdanningsdirektoratet har også vedtatt at det skal førast felles nasjonalt tilsyn på spesialundervisning.

I 2017 - som før – skal vi lage ein eigen rapport til Kunnskapsdepartementet som også vil bli sendt til BLD.

5. Barn blir ikkje utsette for ulovleg tvang i nokon offentleg institusjon (mål 13)

Fagrapporten frå Barneombodet - «Grenseløs omsorg - om bruk av tvang i barnevern og psykisk helsevern», vart lansert 22. september 2015. I rapporten kjem vi med ei rekke anbefalingar til offentlege myndigheiter. Blant desse er

- ei gjennomgang av reglane i lov om psykisk helsevern for å sikre barnrettane betre, og eit betre klagesystem for barn som blir utsette for tvang i både barnevern og psykisk helsevern
- felles institusjonar for barn med samansette behov

I 2017 har vi derfor halde presentasjon for utvalet som skal sjå særskilt på reglane for bruk av tvang i psykisk helsevern (Østenstadutvalet).

I tillegg er Bufdir og Hdir no i gang med å etablere eigne omsorgs- og behandlingstilstusjonar for barn som treng langvarig omsorg utanfor heimen, og som har behov for psykisk helsehjelp. Det skal også kome på plass eigne ansvarlege for psykisk helsevern på dei ulike barneverninstitusjonane. Arbeidet med å få på plass eit betre system for barn i barnevernet som treng hjelp frå begge tenester, er dermed kome eit stykke vidare.

Bufdir har også laga nye anbefalingar om kommunikasjon med barn for å førebygge tvang mot barn i barnevernet.

6. Barn i risiko for - eller som er utsette for - vald og overgrep, møter eit system som ser, følgjer opp og gir god behandling (mål 7)

Barneombodet har i 2017 arbeidd med prosjektet «Valdsfri barndom-betre helse.» Vald og overgrep mot barn og unge er eit betydeleg, men undervurdert folkehelseproblem. Det er øydeleggjande for det enkelte utsette barn, og etterlet seg barn i stor fare for å utvikle fysisk og psykisk uhelse, og fare for rusproblem, utanforskap og læringstap.

Prosjektet til Barneombodet er delt inn i to deler. Den eine delen handlar om barn og unge sin medverknad i arbeidet mot vald og overgrep. Her har vi fått råd frå både barn og unge som sjølv er utsette for vald og overgrep. I tillegg har vi snakka med ungdom fire stader i Noreg, og dei har gitt oss råd om korleis ein kan forebygge overgrep mellom jamaldrande.

Den andre delen av prosjektet er retta direkte mot avgjerdstakarar som kan bidra til å forebygge vald og overgrep mot barn og unge. Her inviterte vi relevante toppolitikarar, direktørar og avgjerdstakarar frå ulike deler av helseforvaltninga, saman med leiarar frå ulike fagrørslar til det vi kallar høgnivåmøte. Vi heldt eit møte i april 2017, og det siste held vi i april 2018.

Vi lanserer rapportane frå del ein av prosjektet 6.3.18.

Helse og vald har vore relevant på andre frontar også. Endeleg kom det på plass oppdragsdokument frå Helsedirektoratet til helseføretaka som seier tydeleg at det skal på plass sosialpediatarar på alle sjukehus, og at alle barn skal få legeundersøking på barnehusa.

Barnevaldsutvalet, som i 2017 lanserte «Svikt og svik», bad om hjelp frå Barneombodet til å samle erfaringar og råd frå barn og unge som vert utsett for vald eller overgrep. Vi arrangerte ein dag for utvalet saman med unge vaksne som delte sine råd og røynslar med utvalet. Råda deira vart lagt ved Svikt og svik som eit eige vedlegg.

7. Barnerettane internasjonalt er styrka gjennom engasjementet til Barneombodet (mål 20)

I 2014 sette Barneombodet i gang eit prosjekt for å promotere barneombod og barnerettane internasjonalt. Prosjektet mottek ikkje midlar for 2017, og vert derfor avslutta.

8. Rapporteringar frå Barneombodet til relevante internasjonale organ er viktige for barn i Noreg (mål 21)

Barneombodet har i 2017 laga ein supplerande rapport til FNs komité for barnerettane. Vi har også samarbeidd med Forum for barnekonvensjonen om å legge til rette for at barn og unge kan produsere sin eigen rapport til komiteen. Det vart felles rapportlansering av alle tre rapportane den 26.august 2017. Barneombod Anne Lindboe deltok sjølv på presession i Genève, og vil vere til stades ved eksamineringa av Noreg i mai 2018.

Anna fagarbeid

I tillegg til det vi har nemnt ovanfor, har Barneombodet halde fram med å arbeide med anbefalingane frå rapporten «**Barnets stemme stilnar i stormen - en betre prosess for barn i konfliktfylte samlivsbrot**» frå 2012. Vi har hatt møte med særdomstolsutvalet, og gitt dei våre innspel. Talet på barn som blir kalla inn til samtale på familievernkontora i samband med mekling har auka frå 6,9 til 9,8 %. Vi meiner dette er ein direkte konsekvens av vårt arbeid for å auke barn si moglegheit til å seie meininga si i samband med samlivsbrot.

I 2017 kom det også på plass eit generelt forbod mot **aldersdiskriminering**. Dette har Barneombodet arbeidd for lenge. Det blir spanande å sjå korleis det generelle forbodet får betydning for barn i kvardagen.

Og i 2017 har Barneombodet engasjert seg i barnerettane i saker der kvinner blir gravide når dei går på **legemiddelassistert rehabilitering (LAR)**. Barneombodet ønskjer nye retningslinjer, med krav om at kvinner må bruke prevensjon for å få tilbod om LAR. Dette meiner vi fordi vi ser ulike uheldige verknader for barna av LAR-behandlinga. Helsedirektoratet heldt ein konsensuskonferanse for å vurdere kva som skal gjerast vidare, ettersom det er usemje om dette. Retningslinja skal no reviderast.

På **barnevernsfeltet** har det endeleg kome eit forslag til Stortinget om at barnevernloven skal bli ein lov som gir rett til barnevernteneste, ikkje berre plikt til å tilby. Vi har også i 2017 arbeidd med dei andre ulike lovforslaga som har kome frå regjeringa i samband med endringar i struktur og regelverk i barnevernet.

Samiske barn og unge har og vore i fokus i 2017.

I vår supplerande rapport til FN tar vi opp fleire problemstillingar for samiske barn:

- Vi trekkjer fram barnehage og skule som dei viktigaste arenaene for at barn skal lære samisk når foreldra ikkje beherskar språket.
- Vi anbefaler å auke tilskotet til samiske barnehagar, og å gjere ansvaret til kommunane for at samiske barn kan lære sitt språk enda tydelegare.
- Vi anbefaler også å sikre retten til opplæring i skulen betre gjennom meir informasjon om retten barna har til stabil og god finansiering av fjernundervisning og utvikling av gode læremidlar.
- Vi understrekar retten til et liv utan vald, sett i lys av ny statistikk om at samiske kvinner er meir utsette for seksuell vald i barndommen enn andre kvinner i Noreg. Vi anbefaler staten å kartlegge årsaker til at samiske jenter har større risiko for å bli utsette for seksuelle overgrep, og sette i gang tiltak for å førebygge dette.

I 2017 har Barneombodet vore i Kautokeino og snakka om seksuelle krenkingar med alle elevane på den vidaregåande skulen. Vi fekk ein heil dag saman med elevane og hadde gode samtalar med dei. Vi fekk god evaluering av opplegget vårt. Besøket var en del av prosjektet vårt, «Valdsfri barndoms- god helse». Vi ønskte å få eit samisk blick på utfordringane ungdom står overfor.

Vi har hatt møte med Sametingets opplæringsavdeling i Kautokeino, som også er bekymra for at det er stor mangel på kartleggingsmateriell på samisk i skolen, og det er vanskeleg å få sett diagnoser på barn som treng det. Det er også stor mangel på læremidlar for barn som treng spesialundervisning. Problema er spesielt store for barn med språkvanskar. Vi skal forfølge dette i 2018.

I 2017 har Barneombodet arbeidd for å sikre samiske barn retten til å gå i samisk barnehage trass i behov for spesialpedagogisk tilrettelegging. Utfordringa vi fekk gjekk på at PPT anbefaler overgang frå samisk til norsk barnehage for dei barna som treng spesialpedagogisk hjelp. Vi la til rette for dialog mellom PPT og Statped for å løyse saka.

I 2017 har vi laga ei intern **barnekonvensjonsgruppe** hos Barneombodet. Vi ønskte å gjere arbeidet vårt med barnekonvensjonen meir systematisk. Den første oppgåva for gruppa var å lage innhaldet til den nye ordninga vår - «Barnas stortingsrepresentant». Her lærer vi opp stortingsrepresentantar i barnekonvensjonen, og dei tar på seg eit særskilt ansvar for å overvake barnerettane i Stortingets arbeid. Opplæringa skjedde i same veka som Lucy Smiths barnerettsdag, som blir arrangert av Barneombodet og Universitetet i Oslo kvart år rundt den 20.11. I 2017 var temaet barn sin rett til liv og utvikling.

Våren 2017 var det mykje uro i asylmottak for einslege mindreårige. Barneombodet følgde situasjonen med bekymring, og foreslo fleire tiltak for å redusere problema. Blant tiltaka vi foreslo, var å busette einslege mindreårige med avgrensa løyve på grunn av ID-tvil. Dette ble gjennomført av regjeringa.

Det går føre seg ein prosess for å endre reglane i utlendingslova om tvangsmidlar. Regjeringa fremja forslag om lovendingar for Stortinget våren 2017, blant anna om fengsling av barn ved retur. Gjennom 2017 har Barneombodet deltatt aktivt i debatten om forslaget, og tatt til orde for å fjerne dagens heimel for å fengsle barn i utlendingsaker. Dette er i tråd med anbefalingar frå blant anna FN's barnekomité og Europarådet.

I løpet av 2017 har Barneombodet besøkt sentralarresten i Oslo og Ungdomsenhet Øst (Ullersmo fengsel). Formålet med besøka var å sjå på forholda for mindreårige i fengsel og arrest, snakke med innsette (fengsel) og komme med anbefalingar til forbetringar. Rapportar frå besøka er utarbeida og sendt til høvesvis Oslo Politidistrikt og Kriminalomsorgsdirektoratet.

Mål for organisasjonsutvikling

Barneombodet har i 2017 fortsett arbeidet med å gjere organisasjonen meir effektiv. Eit viktig bidrag i dette arbeidet er dokumentasjonsprosjektet (tidlegare kalla arkivprosjektet) som bidreg til betre flyt i arbeidet med elektronisk sakshandsaming, førebuing av overgang til ein proessorientert (funksjonsbasert) arkivnøkkel med verknad frå 1.1.2019 (Sjå pkt 4.1). Vi arbeider framleis med intern kompetanseheving i Public 360 gjennom året, noko som bidrar til meir effektiv sakshandsaming.

I 2017 har vi oppgradert Public 360 og innført Skype for business for alle tilsette. Eit av måla er å få ned bruk av e-post til intern kommunikasjon som ikkje skal handsamast som arkivmateriale.

Samla vurdering av resultat

2017 har vore eit år med mange krevjande oppgåver for Barneombodet. Vi har brukt mykje tid på å få implementert anbefalingane frå dei to første fagrapportane våre, samstundes som vi har arbeidd aktivt med «Uten mål og mening? - barn med spesialundervisning i grunnskolen». Rapportane våre får mykje merksemd, og blir brukt av både politikarar og fagfolk. Vi har fått gjennom viktige endringar for barn, både i lovverk, retningslinjer og

budsjett. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Vi er her også komne mykje lenger i arbeidet for å sikre gode arbeidsverktøy og god drift av verksemda i tråd med dei krava som er stilt til oss.

Nærmare omtale av bruk av verkemidlar

Arbeidsmetodane til Barneombodet er også i 2016 i hovudsak å

- kommunisere direkte med barn og unge og formidle deira synspunkt og anbefalingar, og arbeide for å auke medverknaden frå barn og unge i samfunnet generelt
- drive informasjonsverksemd om barnerettane gjennom foredrag og ulike media
- gi råd og informasjon til personar som tar direkte kontakt med oss
- jobbe prosjektbasert med prioriterte område, der vi ser at det er behov for styrking av barnerettane
- be om innsyn i enkeltsaker for å vise generelle utfordringar for barn, og eventuelt sikre barnerettane i den enkelte saka
- gi innspel til offentleg nedsette utval
- svare på høyringar i samband med lovendingar som betyr noko for barn og unge

IV. Styring og kontroll av verksemda

Den overordna vurderinga av styring og kontroll i verksemda

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi viser til at ein høg prosent av måla er nådd, jf. Del I og III.

I løpet av dei siste åra har vi arbeidd for å bygge opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll, basert på mellom anna DFØ sine metodar. Den årlege vurderinga av risiko viser ikkje eit kritisk bilete.

Den årlege gjennomgangen av status på styring og kontroll hos Barneombodet viser at system, rutinar og prosessar for det meste fungerer godt. Vi har halde fram arbeidet med å betre rutinar. I 2017 har hovudvekt vore på å kartlegge alle arbeidsprosessar ved kontoret som ei førebuing til eit funksjonsbasert arkivsystem i 2019. I tillegg har vi arbeidd ekstra med rutinar for sakshandsaming i samband med saker som omhandlar skulemiljøet til elevar. Det er etablert ei gruppe fagrådsgjevarar som skal arbeide særskilt med desse sakene.

Arbeidet med å kartlegge arbeidsprosessar må gå vidare i 2018. Dette vil vere grunnlaget for å gå over til ny arkivnøkkel i 2019.

Vurderingar og gjennomgang i 2017 er gjort med hovudvekt på å vurdere

- verksemda si evne til å nå dei måla vi har sett oss, og som er i tråd med samfunnsoppdraget vårt
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv bruk av ressursar

- om sentrale risikoar er innanfor akseptert nivå

Nærmare omtale av forhold knytt til styring og kontroll av verksemda

Kompetansetiltak hos Barneombodet

Tiltaka i planen for kompetanseutvikling for perioden 2016 – 2017 er noko justert i 2017, og planen inneheld tiltak for 2018. I 2017 har vi halde fram til gode arbeidet med interne faglunsjar i tillegg til eksterne kurs. Dette er korte faglege innspel i kvardagen, enten frå eigne folk eller eksterne. Samla sett er vi nøgde med å ha ein plan for kompetanseheving.

Arkivet til Barneombodet

I 2017 sette vi sluttstrek for Arkivprosjektet vi starta i 2014, og «Dokumentasjonsprosjektet 2.0» oppstod i kjølvatnet av dette. Vi såg at vi hadde behov for å flytte fokuset bort frå den delen av arkivet som er klar for avlevering og over til den som blir skapt her og no – altså dokumentasjon av Barneombodets arbeid. Det betyr ikkje at den historiske delen av arkivet er gløymt, berre at vi først og fremst må sjå framover, og at vi må involvere heile kontoret i arbeidet vidare.

Prosjektperioden er sett til 2017-2019. Dette gjorde vi i 2017:

- Ein medarbeidar fullførte arkivstudiar ved Arkivakademiet på HiOA, med 30 studiepoeng arkivkunnskap.
- Vi danna ei ny prosjektgruppe med representantar frå leiinga, fagavdelinga, administrasjonsavdelinga og kommunikasjonsavdelinga.
- Vi begynte arbeidet med å kartlegge arbeidsprosessane hos Barneombodet, som grunnlag for ein arkivplan, bevarings- og kassasjonsplan og funksjonsbasert arkivnøkkel – med konsulentbistand frå Asta.
- Vi oppgraderte Public 360 til siste versjon, og satsa på opplæring og innarbeiding av betre rutinar for dokumentfangst i systemet.

Økonomistyring hos Barneombodet

Også i 2017 har vi hatt kostnader med å distribuere rettighetsplakatar til skular over heile landet.

Det internasjonale prosjektet Barneombodet har hatt i samarbeid med UD vart avslutta i 2017. Vi hadde nokre reiser våren 2017 som er dekkja av eige budsjett, men dette var delvis venta, og har ikkje bidrege negativt til styringa av økonomien.

Barneombodet har eit mindreforbruk større enn venta i 2017. Det er fleire grunnar til dette. Ein grunn er at vi har brukt ein del tid på opptrapping av nye stillingar i samband med den auka satsinga på skulemiljø/mobbing, og med å erstatte eit par medarbeidarar som har slutta. Ein annan grunn er mindre utgifter til trykking av rapportar enn venta. Vi har også ein tilsett i kommunikasjonsavdelinga som gjer designarbeidet til rapportane, noko som senkar

utgiftene til dette. Vi har også reduserte utgifter til reise og diett i 2017. Totalt har dette bidrege til større mindreforbruk enn venta.

Vi har halde fram med å gje bistand til Likestillings- og diskrimineringsnemnda på økonomi og lønn våren 2017 og delar av hausten, finansiert gjennom ei belastningsfullmakt tilsvarande ei 20 % stilling.

I det lokale lønnsoppgjeret i 2017 satsa vi på å auke lønna til dei tilsette då vi la egne midlar i potten. Leiinga meiner dette er eit naudsynt tiltak for å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar. Denne satsinga er også ei forklaring på at vi har styrt budsjettet varsamt i 2017. Vi veit at vi allereie i 2018 vil bruke av dei overførde midlane til drift, og at vi i 2019 kan risikere å måtte la stillingar stå tomme.

Forhold departementet har bedt Barneombodet om særskild rapportering på

Fellesføringar frå regjeringa

Barneombodet har ikkje endra noko på organisasjonen i 2017. Vi gjer ei kontinuerleg vurdering av om arbeidsoppgåver kan fordelast på betre måtar, men har ikkje funne tiltak i 2017. Vi har fortsett arbeidet med å digitalisere interne arbeidsprosessar. I 2017 investerte vi i ei oppgradering av Public 360 som gjer fleire operasjonar meir effektive. Vi har også innført Skype for business for alle tilsette i 2017, og halde kurs i møtearrangement på Skype og chattefunksjonar. Målet har vore både å redusere reisetid/reisekostnadar for mindre møte, og å effektivisere intern kommunikasjon. Eit viktig mål er å få intern kommunikasjon som ikkje skal arkiverast frå e-post til chat i Skype. Det har ikkje vore mogleg å «måle» gevinstar av dei tiltaka som er sette i verk, anna enn at tilsette melder om høgare effektivitet med nye Public 360.

Vi har vurdert om vi kan tene på ytterlegare digitalisering. I dag kan vi ikkje sjå at fleire av våre oppgåver kan digitaliserast. Eit unnatak er ei betre utgåve av nettsidene våre. Ei oppdatert nettside kan gje barn, ungdom og vaksne betre tilgang på informasjon. Vi har planlagd å starte arbeidet med ny nettside hausten 2018, og har sett av pengar i budsjettet til dette. Når det gjeld digitalisering av interne prosessar og informasjonssystem, har vi gjort greie for dette i tidlegare rapportar.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Barneombodet har korkje hatt kompetanse eller kapasitet til å analysere risiko og sårbarheit på nytt i 2017. Vi har derfor sett av midlar i budsjettet for 2018 til å kjøpe naudsynte tenester. Vi har henta tilbod frå 3 firma som skal lage ei tilpassa ROS-analyse, bidra til å justere vår plan for krise og beredskap, og å lage eit styringssystem for informasjonssikkerheit. Når den oppdaterte ROS-analyse og krise- og beredskapsplanen er klar, vert dette sendt departementet i ei eiga sending.

Vi har gått gjennom prosedyrar for beredskap i 2017 og justert einiskilde rutinar. Vi har også halde ei kriseøving med informasjonssikkerheit som tema. Vi gjer kort greie for øvinga, resultat og tiltak i ein eigen rapport som vedlegg til årsrapporten. Den viktigaste erfaringa frå øvinga, er at informasjonssikkerheit for ein stor del handlar om dei tilsette og deira praksis i kvardagen.

Informasjonssikkerheit

I 2017 har Barneombodet arbeidd særleg med å betre sikkerheita på følgjande område:

1. Styring og kontroll
5. Kunnskap, kompetanse og kultur

Tiltaksområde 1: Styring og kontroll (Jf. eForvaltningsforskrifta § 15)

- Forskrifta pkt. c:
 - Vi har inngått nye skriftlege avtalar om kredittkortbruk (med bedriftsansvar) med dei tilsette som har tilgang til dette.
- Forskrifta pkt. d:
 - Alle mobile einingar (mobiltelefon og Ipad) som har tilgang til e-post er kopla til Mobility Management med bruk av Lock-out og krav til oppdatert software.

Som eit supplerande tiltak i 2017 har vi gått over til Office 365. Vi har også vurdert særskilt korleis våre mobile einingar blir nytta i utlandet. I tillegg har vi i slutten av 2017 innført sikker utskrift med kortlesar på den felles skrivaren vår.

Tiltaksområde 5: Kunnskap, kompetanse og kultur

I 2017 har Barneombodet halde fram med fleire av tiltaka vi starta i 2016. I tillegg har vi gjort nokre særskilde tiltak. Vi har halde fram med

- jamleg gjennomgang og oppdatering av framdrifta i arkivprosjektet på fellesmøte, som også inneber spørsmåla om «kvifor» i relasjon til sikker behandling av informasjon
- jamleg/kvartalsvis vurdering av risiko i leiargruppa, som også omfattar behov for kompetanse

I 2017 har vi sett ei auke i talet på innsynskrav til Barneombodet, og dette har gjort at vi har utarbeidd standardsvar med relevante lovheimlar, i tillegg til å gjennomføre internopplæring om offentleglova og saksbehandling av innsynskrav. Vi har fått gode råd frå arkivet i BLD til dette.

Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

Barneombodet har ikkje fått vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen for 2017.

Risikovurderingar

Barneombodet vurderer risiko ein gong i kvartalet. Områda som ligg til grunn for å vurdere risiko er

- personalsituasjonen
- økonomi
- faglege oppgåver
- administrative oppgåver
- ulike ytre forhold som påverkar drifta av verksemda

Resultatet av årets risikovurdering ligg ved årsrapporten til BLD som eit eige dokument.

Personalforvaltning

Barneombodet utarbeidde lokalt tilpassa mål og innhald i IA-avtalen våren 2015, og desse gjeld også for 2017. Barneombodet følgjer dei interne rutinane for oppfølging av tilsette som er sjuke. Mellomleiarane tar eit særleg ansvar for å følgje opp dei tilsette. Behov for særskilde tiltak vert sett i verk når det er naudsynt. Det har ikkje vore spesielle tilhøve med sjukefråvær i 2017.

I 2017 held vi fram med at nærmaste leiar gjennomfører medarbeidersamtalar med dei tilsette.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråveret hos Barneombodet er lågt, og jobbar derfor med å halde dette like lågt som no. I 2017 hadde vi totalt 26 legemelde sjukefråvêrsdagar. Eigenmeldte fråvêrsdagar gjekk ned frå 63 i 2016 til 57 i 2017.

Aktivitets- og greigjeringsplikter

Ifølgje rettleiaren frå FAD blir det operert med 4 ulike diskrimineringsgrunnlag som er omfatta av aktivitets- og greigjeringsplikta: kjønn, etnisitet, religiøs tilhøyrse og livssyn og nedsette funksjonsevner.

Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Pr. 31.12.17 var vi 25,0% prosent menn mot 75,0% prosent kvinner. Av desse er det ein mann og tre kvinner i leiinga. Vi har arbeidd aktivt for å skape betre kjønnsbalanse, noko som har vist seg vanskeleg, sjølv om talet på menn auka i 2017. Av kvalifiserte søkjarar i 2017 er fleirtalet kvinner.

I dag har Barneombodet ingen forskjellar i lønn som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstaben. Ved tilsettingar arbeider vi aktivt for å finne lønnsnivå som samsvarar med erfaring og kompetanse, og som bidrar til likeverd mellom kjønna i lønnsmassen.

10 % av dei tilsette på kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Vi har ikkje lukt med å rekruttere arbeidstakarar med funksjonsnedsetjing. Utlyste stillingar i 2017 hadde ikkje personar med funksjonsnedsetjingar på søkjarlista, så langt vi er kjent med.

Barneombodet er ei verksemd som skal arbeide for alle barnerettane i samfunnet. Vi må derfor vere opne i rekrutteringsarbeidet for å sikre like rettar for søkjarar som bidreg til å spegle mangfaldet som er blant barn og unge. Dette gjeld både LHBTI-personar, personar med annan etnisk bakgrunn enn norsk, og personar med funksjonsnedsetjingar.

Vi har pr. i dag ingen andre aktive tiltak å setje inn enn å oppmode til eit mangfald av søkjarar gjennom utlysingar, og eit pågåande internt haldningsskapande arbeid blant dei tilsette.

Sosiale omsyn i offentlege innkjøp og avtalar

Barneombodet er kjent med det særlege ansvaret som kviler på ei offentleg verksemd når det gjeld å førebygge mellom anna brot på arbeidsmiljølova og sosial dumping. Vi har ikkje gjort innkjøp der det kan være høg risiko for brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar i 2017.

Miljøkrav i innkjøp

Barneombodet har ikkje hatt innkjøp i 2017 der ein har nytta miljøkrav. Vi har ikkje innført miljøleing i verksemda.

Rutinar for varsling

Barneombodet har eigne rutinar for varsling som er tilgjengeleg for alle tilsette i personalhandboka på intranettsida Compendia. I samband med styrka teieplikt ved varsling vart rutinane oppdaterte og vi hadde ei øving/gjennomgang i fellesmøte hausten 2017. I korte drag gjer rutinane greie for kva det kan varslast om, til kven, om teieplikt/personvern og om korleis varsel vert følgt opp frå leinga. Etter gjennomgang vart det også skreve inn kven ein kunne varsle til om varselet gjeld ein i leinga.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Barneombodet er ei lita verksemd med eit stort samfunnsoppdrag. Vi opplever å bli sett på som truverdige, både hos dei som tar avgjerder og i befolkninga generelt. Sjølv om Noreg er eit bra land å vakse opp i for barn, har Barneombodet ei viktig rolle i å overvake at barnerettane blir oppfylt på ulike samfunnsområde, og dette oppdraget vil være viktig også i åra framover.

Dei fleste område Barneombodet no arbeider med, krev innsats over fleire år. Dette gjeld område som mobbing i skule og barnehage, spesialundervisning, vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, barnerettane i barnevern og psykisk helsevern, i kommunehelsetenesta og på sjukehus, og barn og unge som representerer ulike minoritetar i samfunnet.

Våren 2018 skal vi avslutte eit prosjekt om helsetilbodet til barn utsett for overgrep og vald. I tillegg kjem ein eigen rapport om seksuelle krenkingar blant ungdom. Arbeidet med å følgje opp anbefalingar frå denne rapporten vil gå føre seg i 2018 og 2019. Samstundes vil arbeidet med å følgje opp dei andre prosjekta fortsette. Det same gjeld arbeidet mot mobbing og krenkingar i barnehagen og i skulen. I og med at det blir eit skifte av barneombod denne sumaren, er det ikkje klart kva andre tema som vil vere prioritert hausten 2018.

VI. Årsrekneskap

Kommentar frå barneombodet til årsrekneskapen 2017

Føremål

Barneombodet vart oppretta i 1981, og er administrativt underlagt Barne- og likestillingsdepartementet. Verksemda fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Kontoret er oppretta ved lov, som eit uavhengig organ for å vareta barn og unge sine interesser. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Barne- og likestillingsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avslutta i fylgje bestemmingar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Barne- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av dei disponible beviljingane, dei regnskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og gjelda til Barneombodet.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2017 har kontoret samla disponert tildelingar på kr 22 085 000, og i tillegg mottatt to belastningsfullmakter på kr 250 000 frå Helsedirektoratet og på kr 135 000 frå Likestillings- og diskrimineringsnemnda. Vi viser til bevillingsrapporteringa og notane A og B.

Mindreutgifta på post 01 driftsutgifter vart kr 1 162 836, som vi søker om å overføre til neste år på post 01 i fylgje berekningar i note B.

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte driftsutgifter til saman var kr 20 643 437. Av dette er inntektene kr 0. Tilsvarende tall for 2016 var kr 17 862 053. Utgifter til lønn og sosiale kostnader utgjorde kr 15 058 451, mot kr 12 407 837 i 2016. Lønnsdelen av driftsutgiftene er 72,9 %, opp frå 69,5 % året før. Talet på årsverk er 19,80, opp med 2,2 årsverk frå 2016. Auken i lønnskostnadane heng saman med auke i årsverk og resultat av eigne midlar i lokalt lønnsoppgjær. Barneombodet har ikkje mottatt nokre refusjonar frå NAV på lønn i 2017.

Kostnadane til reiser og diett vart redusert med om lag kr 120 000 til kr 820 742. Totalsummen fordeler seg med kr 108 750 på valdsprosjektet og kr 711 991 på anna reiseverksemd hos Barneombodet.

Når det gjeld auken på driftsutgiftene, har det å gjere med auka kostnadar til digitalisering, IT-tenester og innkjøp av datautstyr, og auka kostnadar til trykking. Auka innsats for å digitalisere arbeidsprosessar har mellom anna ført til auka utgifter til oppgradering av Public 360, innkjøp av utstyr til Skype for business til alle tilsette, og utgifter til å sikre mobile einingar. I tillegg kjem naudsynt utstyr til å innreie møterom slik at desse kan brukast til videokonferansar (Sjå også neste avsnitt).

Kostnadane til investeringar vart i 2017 på kr 580 577, mot kr 226 342 året før. Dette var ein forventa auke, fordi vi gjorde nokre planlagde utskiftingar av IKT-utstyr og inventar.

Mellomverande med statskassa utgjorde per 31.12.2017 kr 467 972. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigendelar og gjeld mellomverande består av.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og bekreftar rekneskapen for Barneombodet.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men vi går ut frå at revisjonsrapporten kjem i løpet av 2. kvartal 2018.

Årsrapporten vil bli publisert på nettsidene til Barneombodet så snart den er offentleg.

Oslo, 1. mars 2017



Anne Lindboe
barneombod

Prinsippnote til årsrekneskapen 2017

Årsrekneskapen for Barneombodet er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsett i bestemmingar om økonomistyring i staten ("bestemmingar"). Årsrekneskapen er i følge krava i bestemmingane punkt 3.4.1, nærmare bestemmingar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmingane punkt 3.4.2 – de grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevillings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krava i bestemmingane punkt 3.5 til korleis verksemdene rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevillingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Norges Bank i følgje krav i bestemmingane. pkt. 3.7.1. bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekkje på sin konsernkonto. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskonto ved overgangen til eit nytt år.

Bevillingsrapporteringa

Oppstillinga av bevillingsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevillingsrapporteringa, og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Bevillingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapitla og postane i bevillingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle dei finansielle eigendelane og forpliktingane verksemda står oppført med i Statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel/post for ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til bevillingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen, og står i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmaktene er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og skal ikkje rapporterast til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Dei blir bokført og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta, og står derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene kjem fram i note B til bevillingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigendeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har trekkrettar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført, og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2017

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2017	Merutgift (-) og mindreutgift
0848	Driftsutgifter fom 01.01.17	01	Driftsutgifter	A og B	22 085 000	20 922 164	1 162 836
0765	Et liv uten vold	21	Spesielle driftsutgifter B		0	245 800	
0870	Belastning på LDN for WB	01	Driftsutgifter	B	0	110 696	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	767 379	
<i>Sum utgiftsført</i>					22 085 000	22 046 039	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2017	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Gruppelivforsikring		0	24 480	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		0	1 856 354	
<i>Sum inntektsført</i>					0	1 880 834	
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet						20 165 204	
Kapitalkontoer							
60049001	Norges Bank KK /innbetalinger					51 238	
60049002	Norges Bank KK/utbetalinger					-20 255 256	
708050	Endring i mellomværende med statskassen					38 813	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)							
					31.12.2017	31.12.2016	Endring
708050	Mellomværende med statskassen				-467 972	-506 786	38 813

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
084801	688 000	21 397 000	22 085 000
XXXXXX			0
XXXXXX			0
XXXXXX			0

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-) mindreutgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-) mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter/ mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdirigering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp basert på virksomheten
084801		1 162 836		1 162 836				1 162 836	1 069 850	1 069 850
076521		4 000		4 000				Ike aktuelt		
087001	"kan nytes under post 01"	24 000		24 000				Ike aktuelt		

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av års bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2017

	Note	2017	2016
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer		0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		0	0
Salgs- og leieinntekter		0	0
Andre inntekter		0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	1	15 058 451	12 407 837
Andre utbetalinger til drift	2	5 584 986	5 454 216
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		20 643 437	17 862 053
Netto rapporterte driftsutgifter		20 643 437	17 862 053
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	3	635 223	226 342
Utbetaling til kjøp av aksjer		0	0
Utbetaling av finansutgifter		0	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		635 223	226 342
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		635 223	226 342
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.		0	0
<i>Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader		0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		24 480	25 611
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 856 354	1 526 976
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		767 379	549 226
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-1 113 455	-1 003 361
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		20 165 204	17 085 034

Oversikt over mellomværende med statskassen **

Eiendeler og gjeld	2017	2016
Fordringer	66 333	10 000
Kasse	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-533 795	-515 155
Skyldige offentlige avgifter	-511	-1 631
Annen gjeld	0	0
Sum mellomværende med statskassen	4	-506 786

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet	0	3 043
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	3 043
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	0	3 043

Note 1 Utbetalinger til lønn

	31.12.2017	31.12.2016
Lønn	11 689 454	10 760 126
Arbeidsgiveravgift	1 856 354	1 526 976
Pensjonsutgifter*	1 360 685	0
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-17 389	-2 618
Andre ytelser	169 346	123 353
Sum utbetalinger til lønn	15 058 451	12 407 837
Antall årsverk:	18,1	17,6

Note 2 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2017	31.12.2016
Husleie	2 093 032	2 024 044
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	13 601	43 374
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	174 447	156 039
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	14 552	10 715
Mindre utstyrsanskaffelser	88 455	28 221
Leie av maskiner, inventar og lignende	228 384	182 818
Kjøp av fremmede tjenester	1 041 545	970 584
Reiser og diett	820 742	941 632
Øvrige driftsutgifter	1 110 227	1 096 788
Sum andre utbetalinger til drift	5 584 986	5 454 216

Note 3 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	635 223	226 342
Sum utbetaling til investeringer	635 223	226 342

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Note 4 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2017 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2017 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
<i>Omløpsmidler</i>			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	66 333	66 333	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	66 333	66 333	0
<i>Langsiktig gjeld</i>			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld	-407 631	0	-407 631
Skyldig skattetrekk	-533 795	-533 795	0
Skyldige offentlige avgifter	-511	-511	0
Annen kortsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	-941 937	-534 306	-407 631
Sum	-875 603	-467 972	-407 631



Riksrevisjonen

Vår saksbehandler
Jan Erik Berglihn 22241295
Vår dato 25.04.2018 Vår referanse 2017/00931-6
Deres dato Deres referanse

BARNEOMBUDET
Postboks 8889 Youngstorget
0028 OSLO

Att.: Morten Hendis

Revisjon av årsregnskapet for Barneombudet 2017

Vedlagt følger revisjonsberetningen for Barneombudets årsregnskap for 2017.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens regnskap i samsvar med lov og instruks om Riksrevisjonen og internasjonale standarder for offentlig revisjon.

Offentliggjøring av revisjonsberetning

Revisjonsberetningen er Riksrevisjonens konklusjon på gjennomført finansiell revisjon. Denne revisjonen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet i lov om Riksrevisjonen § 18 2. ledd.

Riksrevisjonen vil derfor oppfordre til at revisjonsberetningen publiseres sammen med årsregnskapet.

Etter fullmakt

Erna Jørgensen Lea
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET



BARNEOMBUDET
Org. nr.: 971527765

Riksrevisjonens beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Barneombudets årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at kr 20 165 204 er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Barneombudets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAIs etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAIs etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 23.04.2018

Etter fullmakt

Erna Jørgensen Lea
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur